

Til Alver kommune.

Utval for Areal, Plan og Miljø.

Merknad til utvalet sitt vedtak i sak APM-053/23. Klage på avslag om søknad om dispensasjon og tiltak for planering og støttemur -318/34 Sagstad øvre.

Tiltakshavar er takksam for at utvalet i hovudsak gav klagar medhald i klagen slik at støttemur og planering av eigen tomt er godkjent og kan bli ståande. Tiltakshavar vil likevel påpeike ein setning i vedtaket. Setningen lyder: « **Det må også bemerkast at gang og sykkeltilgang vil vere oppretthalde langs den omsøkte støttemuren.**» Denne setninga må presiserast nærmere slik at det ikkje kan misforståast kva som her er meint. Eg reknar med at utvalet meiner at denne gå-sykkeltilkomsten skal følgje opparbeidd veg langs muren mot bnr. 34 sin nordvestre grense i den vegen som er regulert og bygd til slikt føremål frå bustadområdet Tuva og fram til fortau langs fylkesvegen. Gå-sykkelvegen skal **ikkje** gå mot bustadområdet Solhaug langs grensa mot bnr. 34 si nordaustre grense over eigedomane bnr. 34,35, 36. Det skal såleis ikkje vera nokon gå/sykkeltilkomst mellom bustadområda Tuva og Solhaug forbi/over bnr. 34,35 og 36.

Eg ber om at denne plasseringa av gå-sykkeltilkomst vert presisert i vedtaket.

Frekhaug 03.05.23.

For tiltakshavar Thor Magne Strand

v/ Jens. H.N.Bjordal.

Ansvarleg søker.